# BJERKREIMS NYTT

# PROGRAM FOR 17. MAI I BJERKREIM 2023

I år er feiringa ved Bjerkreim skule.
Konferansierer fra Vikeså ungdomsskule.
Ingen parkering på skoleplassen!

**Kl. 08.00** Flaggheising på Omsorgssenteret. Lions heiser flagg og Bjerkreim brassband spiller.

**Kl. 10.00** Gudstjeneste i Bjerkreim kyrkje

**Kl. 11.00** Toget går fra Bjerkreim skule, rundt Røysekatten barnehage og tilbake.

**Rekkefølge i toget:**

- Ordfører
- Formannskapet
- Bjerkreim brassband
- Storafjellet barnehage
- Røysekatten barnehage
- Vikeså skule
- Bjerkreim skule
- Bjerkreim kr. ungd.lag
- Tirla blandakor
- Bjerkreim IL
- Bondelaget og Bygdekvinnelaget
- Andre

Motoriserte kjøretøy har IKKE adgang i 17. mai-toget, uten at dette er avtalt med Bjerkreim kulturkontor i forkant!

**Når toget kommer inn:**

- Ja, vi elsker.
  Alle synger.
  Brassbandet spiller.
  Forsangere fra Bjerkreim kulturskole
- Barnas tale v/elever fra Bjerkreim skule.
  Det er ikke matsalg under barnas tale.

**Kl. 12.00** Matsalg i gymsalen på skolen og på bedehuset. Kiosk/grillmat ute.
Leker for barn til og med 4. klasse.
Klippekort kr. 10,-. Leker/konkurranser for 5.- 7. klasse, ungdom og voksne - gratis å delta. Det er mulig å betale med Vipps, men ta gjerne med småpenger for kjøp av klippekort til barnelekene. Unngå helst bruk av kontanter hvis mulig,
både til barnelekene og matsalg.

**Kl. 13.30** Program fra scenen

- Tale for dagen v/Ingrid Fiskaa
- Danseinnslag v/dansegruppe fra kulturskulen
- Sang v/Tirla blandakor
- Ulike solistinnslag
- Kunngjøring av vinnerene av konkurransene, premieutdeling.
- Kunngjøring av vinner «Beste innslag i toget»

**Når sceneprogram er slutt ca kl 14.30:**

Stafett mellom skolene på idrettsbanen.
Stafett starter rett etter at sceneprogram er ferdig.
(Vi legger inn ca 5 minutter gåtid ned til banen).

**Kl 15.00** Matsalg og kiosk stenger

**INFO TIL BJERKREIMBUEN
MAI 2023**

**KOMMUNEHUSET:**
Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkreim.kommune.no

**BIBLIOTEKET:**
Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no

| | |
|---|---|
| Måndag | 15.00 - 19.00 |
| Tysdag | 14.00 - 18.00 |
| Onsdag | 14.00 - 18.00 |
| Torsdag | 12.00 - 15.30 |
| Fredag | 12.00 - 15.30 |

**DIM-RENOVASJON:**
Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

**NESTE NUMMER:**
Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 23. mai kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 1. juni. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

**UTGJEVAR:**
Bjerkreim kommune

**KONTAKTPERSON:**
Ingunn Ognedal

**ANSVARLEG:**
Kulturkontoret

**TRYKK OG GRAFISK FORMGIVING:**
Jærprint

**VIKESÅ TAXI**
**51 45 19 00**

# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## *Hei, gode sambygdingar!*

Då nærmar det seg mai og feiring av 17. mai. Eg gler meg til å sjå Bjerkreim i grønkledde bjørketrær, norske flagg og born som et is! Men før det skal vi markere 8. mai, frigjeringsdagen. I veteranplanen for Dalane er det sett opp markering denne dagen. Vi skal ha markeringa i Bjerkreim i år. Vi skal også delta ilag med dei fleste kommunane i Sør-Rogaland i Sandnes. Det håpar vi blir ein verdig og fin dag.

Det er god fart i bygda. Det skjer mykje. Eg kan nemne prosjekt som vi har gåande med North Sea Energy Park, nytt omsorgssenter, mogeleg initiativ for nytt sentrum på Vikeså og mykje byggeaktivitet. Både bustader, klubbhus som nærmar seg ferdig, og nytt grendahus i Ørsdalen. Kraftstasjonen i Ørsdalen er også i full byggeprosess.

I landbruket verkar det som det er god fart i omlegging frå båsfjøs til lausdrift. Fleire nye fjøs er bygde og opna, og fleire er på veg. Det er gledeleg å sjå all aktiviteten som skjer. Det blir lagt solceller og montert energiløysingar i hopetal. Tydeleg at straumsituasjonen har sett fart i ENØK og investeringar i fornybar energi.

No byrjar lamma å kikke ut av fjøsdørene, «hevdalokta» ligg over kommunen, og det spirer og gror på alle kantar. Mai er nok den finaste månaden i året 🙂

Elevane har fått nokre veker sidan sist ferie, men er nok allereie innstilte på sommarferie. Eg kan hugse følelsen når ein kunne gå med korterma t-skjorte, shorts og joggesko for første gong etter ein lang vinter. Det var berre heilt magisk! Å, så låg ein sjuk ei veke etterpå! «lurevarme» var det nokon som kalla det. Men varmen kjem. Også den som ikkje lurer!

Det er utruleg kjekt å lesa Dalane Tidende sine artiklar om Bjerkreimfotballen. Både menn og damer satsar. Eg held nok ein knapp på at damene klarar opprykk i år. Det er ein imponerande start dei har hatt på sesongen. Lykke til uansett til dykk alle. Ny giv i fotballen!

No er fiberlegginga i gang frå Fjermedal. Det er gledeleg å sjå framdrift i prosjekt som vi har arbeidd mykje for å få «gang i» no er det «gang i det»

Velkommen til alle nye innbyggjarar i kommunen. Men også alle nye tilsette i Bjerkreim. Det dukkar stadig opp nye ansikt. Både i privat næringsliv, men også i Bjerkreim kommune. Når vi lyser ut stillingar i kommunen, er det imponerande bra søkartal, kompetente menneske som ønskjer å arbeide i denne flotte kommunen. Det er gledeleg at vi i ei tid med låg arbeidsløyse framleis klarer å vera attraktive på arbeidsmarknaden.

Med ønskjer om ein fin 1. mai, 8. mai, 17. mai og pinse når den tid kjem!

*Vennleg helsing, Kjetil Slettebø*

**POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET**
Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

| | |
|---|---|
| Gruppemøter: | Måndag 15.05 kl. 19.00 |
| Formannskap: | Tysdag 16:05 kl. 13.00 |
| Fellesråd for eldreog funksjonshemma | Tysdag 16.05 kl. 11.00 (?) |
| Kommunestyre: | Tysdag 23.05 kl. 19.00 |

## KULTURMIDLER 2023

Søknadsfrist 15. mai.
Lag og organisasjoner i Bjerkreim kan søke om kulturmidler fra kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligger på hjemmesida vår: www.bjerkreim.kommune.no under skjema, kultur og fritid. NB! Husk å sende med årsmelding og regnskap for 2022.

## BJERKREIM KULTURSKULE 50 ÅR

Feires i uke 22.
Alle er velkommen til forestilling torsdag 1. juni og fredag 2. juni.
Bjerkreim samfunnshus kl. 19.00.
Alle elever i kulturskulen deltar.
Billetter kr 50 kjøpes på:
https://bjerkreimkulturskule.hoopla.no/sales

## FRIVILLIG PÅ AKTIVITETSSENTERET?

Vi ønsker å komme i kontakt med deg som er sosial og liker å omgås mennesker. Du kan f.eks. bidra med: gå tur, lese, kjøre bussen, diverse kjøkkenoppgaver eller andre ting.
Du kan være med et par timer i uken, en gang i måneden, dette finner vi ut av sammen.
Nødvendig opplæring blir gitt.
Ta gjerne kontakt med Gunn Anita (leder av aktivitetssenteret) på tlf 404 44 912 dersom DU kan tenke deg å bidra.

Circle of Security
INTERNATIONAL
Early Intervention Program for Parents & Children

## OPPFRISKNINGSKVELD FOR COS-P

Tirsdag 23.05.23 kl 19.30 på helsestasjonen.

Vi inviterer til en oppfriskningskveld for alle som har gjennomført COS-P-kurs.
Vi vil ha et lite sammendrag av COS-P og se noen filmsnutter. Det vil bli god anledning til å stille spørsmål, snakke om trygghetssirkelen og vår rolle som foreldre.

Påmelding til en av oss innen 22.05.23:
elin.ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no tlf 404 44 920
grethe.berntsen@bjerkreim.kommune.no tlf 404 44 913






## UNGDOMSKONSERT

Gratis ungdomskonsert med brenn. og Tøfl 26. mai kl. 21.00 på Torget i Egersund. Arrangeres av ungdomsrådene i Bjerkreim, Eigersund og Sokndal i samarbeid med kommunene og Rogaland fylkeskommune.
Det blir satt opp buss kl. 20.00 fra Vikeså skule via Bjerkreim sentrum og Tengesdal til Egersund, med retur når konserten er slutt.

## FRILUFTSKVELD VED GAPAHUKEN

Dalane friluftsråd arrangerer friluftskvelder i Dalane. Disse er åpne for alle og det er gratis å delta. Friluftskveldene byr på bålkos, sosialt samvær, aktiviteter og enkel servering. I Bjerkreim er vi vanligvis i gapahuken ved Foreknuten. Starter kl. 17.30. Datoer:

- onsdag 10. mai
- onsdag 7. juni

Sjekk Dalane friluftsråd sin facebookside.

## BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 24. mai kl. 19.30 på Vikeså Veiservice. Quizmaster: Annette Olden Nedrebø. Startkontingent kr.30,-

Dette er siste quiz før sommaren!

## BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 25. mai kl. 14.00 til 17.00 i Litlesalen på samfunnshuset.

Gamle og nye medlemmer er velkomne.

Program:

- innlegg av Signe Nijkamp.
- påmelding til busstur med pensjonistlaget og helselaget.
- god mat, inngangspengar kr. 50
- underhaldning, loddsal, bilet-rebus og meir.

Takk til SR-bank for sponsing av husleiga.

## BYGDEKVINNELAGET:

Tirsdag 9. mai kl. 19.00 Skjeraberget folkehelsehus.

Medlemskveld med strikketøy og annet håndarbeide. Uformelt samvær med håndarbeid eller ikke. Det er uansett sosialt og hyggelig over en kaffikopp og noe å bite i.

Varmt velkommen.

## BINGO

Bjerkreim helselag har bingo i peisestova på misjonshuset 10. mai kl. 14.00 - ca 16.00.

## HELSE I HVERT STEG!

Mandag 15. mai kl. 18.00

Månedens aktivitetstur med Bygdekvinnelaget.

Oppmøte på Esso Vikeså kl. 18.00 hvor vi går sammen på tur i nærmiljøet.

Lavterskel og åpent for alle! Ingen påmelding.

## FLOR OG FJÆRE

Tur lørdag 5. august, avreise fra Stavanger kl. 12.00

Flor og Fjære er en 50 mål stor, fantastisk hage som må oppleves. Hvert år blir det planta ut 50 000 sommerplanter.

Treretters middag i jungelrestauranten. Turen er åpen for både kvinner og menn.

Pris BBK-medlem kr. 1500,-

Pris andre kr 1790,-

Påmelding til Olaug Nevland tlf. 957 30 476 innen 30. juni.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

## HANDLETUR TIL TRONSHOLEN

8. mai, oppmøte og avreise fra Esso Vikeså kl. 17.00. For medlemmer og ikke medlemmer.

Arr. Bjerkreim hagelag.

## BASAR

Elevbedrifta Spre Glede! skal halde ein basar til inntekt for fritidsstøtte i Bjerkreim. Fritidsstøtte er ei støtteordning for familiar som treng økonomisk hjelp for at barna skal kunne delta på ein aktivitet på fritida.

Alle er invitert til basaren. Mange fine premiar. Sal av mat. Vi gler oss!

Tid: 24. mai kl. 18.00 – 21.00

Stad: Skjeraberget folkehelsehus

(Pittervegen 6, Vikeså)

Eit lodd: 5 kr og ei heil side: 125 kr

Vipps nummer: 774136



## GI OG TA

**- Klær og sko for liten og stor**

Gratis byttebutikk i Skjeraberget folkehelsehus.

Onsdag 10. mai kl. 15.00-19.00 åpner vi opp to rom i Skjeraberget som skal brukes som «byttebutikk» for klær og sko. Tilbudet er gratis og åpent for alle. Folk kan hente seg klær og sko, uten å levere inn noe selv. Det er frivillige som tar imot og henger opp klær. Vi tar kun imot klær og sko som er rene og hele, og vi tar kun imot ting i de oppsatte åpningstidene:

Mandager mellom kl. 11.00 og 15.00

Onsdager mellom kl. 15.00 og 19.00

Alle er hjertelig velkomne innom, her har vi noe for alle! Det blir enkel servering på åpningsdagen. Adresse: Pittervegen 6, 4389 Vikeså.



## ÆTTESOGELAGET

Torsdag 4. mai kl 19.00, på kommunehuset på Vikeså.

Seilskutebygging med trevirke frå Bjerkreim. Sigmund Rodvelt fortel frå midt på 1800-talet, då dei flota tømmer frå Malmei til Egersund for å byggja seglskuter.

Etter mat og kaffi, vert det vist bilete som fortel historier frå Bjerkreim.

Inngang kr 50.

Alle velkomne!

## INTIMKONSERT PÅ PITTERGARDEN

Søndag 7. mai. Servering fra kl. 19.00. Konsert fra kl. 19.30. Inngang 200,-

Akustisk, melodiøs jazz av den anerkjente pianisten Aage Lade i samspill med Gunnar Hågbo på saksofon

Arr. Klangfeel jazz & viseklubb



## JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7. klasse og oppover.

Fredag 5. mai

Fredag 12. mai

Fredag 26. mai

Fredag 2. juni

Velkommen i Skjeraberget folkehelsehus, fra kl. 19.00 - 22.30.

## INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Den 4. mai kl. 18.00 blir det fest og 10-årsjubileum i Skjeraberget folkehelsehus, for de som er påmeldt.

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 3. mai: Tur til Viberodden i Egersund. Johan Åkre skysser oss og forteller historier. Avreise kl. 10.00 fra Esso Vikeså.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.



## HJEMME HOS

Onsdag 10. mai kl. 19.30.

Er du som er nysgjerrig på hvem Jesus er; hjertelig velkommen til Hjemme Hos, Gjedrem 50 i Bjerkreim, hos Maggie og Tollef.

Harald Mydland og Jesus kommer.

Velkommen

## 17. MAI-FEST

Vikeså misjonshus inviterer til 17. mai-fest kl. 19.00.

Tale ved Ole Arnfinn Røysland Fitjar. Underhaldning.

Varm mat og dessert.

Pris: kr 150/100, fam. kr 400.

Velkomne!

## LEIGE AV MISJONSHUSET

- konfirmantfest 2024.

Dei som ynskjer å leige misjonshuset til konfirmantfest 2024 må sende ein e-post til styret før 1. juni. Dersom fleire ynskjer same dag vert det loddtrekking. Send ein e-post til vikesaa.misjonshus@gmail.com

## VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 19.00 Yngres

03. kl.17.30 Global kafe

03. kl. 20.00 Bønnesamvær

04. kl. 17.00 Soul children

05. kl. 18.00 Vårfest

10. kl. 14.00 Bingo Helselaget

10. kl. 20.00 Samtalemøte

15. kl 19.00 Avslutning Yngres og Korvetten

17. kl. 19.00 17.mai fest

29. Kl. 11.00 Søndagssamling og søndagsskule på 2. pinsedag

31. kl. 17.30 Global kafe

## BJERKREIM BEDEHUS MAI 2023

www.bjerkreimbedehus.no

2. kl. 19.30 Bønnemøte

3. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

5. kl. 19.00-23.00 Fredagstreff og Fredagsklubben saman

8. kl. 19.00 Yngres

9. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

9. kl. 19.30 Bønnemøte

10. kl. 17.30 Global kvelds

12. kl. 17.00 Konsert barnekoret

16. kl. 19.30 Bønnemøte

21. kl. 11.00 Endelig søndag

23. kl. 09.30 Minsten (tysdag)

23. kl. 19.30 Logos bibelundervisning

24. kl. 17.30 Global kvelds

30. kl. 19.30 Bønnemøte

31. kl. 09.30 Minsten (onsdag)



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE:

**Sundag 7. mai kl. 11.00.**
Høgmesse i Ivesdal kyrkje

**Torsdag 11. mai kl. 19.00.**
Samtalegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 14. mai**
IKKJE gudsteneste i soknet

**Onsdag 17. mai kl. 10.00.**
Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Torsdag 18. mai kl. 10.30.**
Gudsteneste på Omsorgssenteret

**Laurdag 20. mai kl. 11.00.**
Konfirmasjonsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 21. mai**
IKKJE gudsteneste i soknet

**Laurdag 27. mai, pinseaftan, kl. 11.00. og kl. 13.00.**
Konfirmasjonsgudstenester i Bjerkreim kyrkje

**Sundag 28. mai, pinsedag, kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

## DØYPTE

02.04.23 Rakel Gjedrem

## DØDE

29.03.23 Julian Egeland
12.04.23 Borgny Helland
13.04.23 Ruth Gravdal Havn

## BABYSANG

De siste månedene har vi manglet folk til å arrangere babysang. Kanskje du kunne tenke deg å hjelpe oss med disse samlingene i år? Ta gjerne kontakt for å høre kva det går ut på!

## FEST PÅ SLOTTET

Laurdag 13.mai blir det duka for «Fest på Slottet» i Bjerkreim kyrkje kl. 10.00 til ca. 11.30 for barn født i 2018.

Kle deg gjerne som riddar eller prinsesse, eller noko anna om du har lyst. Invitasjonar blir send etter kyrkjas register, men alle barn i aldersgruppa er velkomne.

Påmelding til post@bjerkreimkyrkja.no innan 10. mai

## FASTEAKSJONEN 2023

Tysdag 28.mars samla konfirmantane inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Det vart samla inn kr 59 210! Takk til alle som gav, til konfirmantane og foreldra som hjelpte til.

## SAMLING FOR 50-ÅRSKONFIRMANTANE

Det blir ei samling for 50-årskonfirmantane søndag 17. sept. Invitasjon blir sendt ut før sommaren.

## ÅRETS KONFIRMANTAR:

Vi ønskjer dei eit frodig og fargerikt liv, eit liv i fellesskap og glede, eit liv i spenning, men først og fremst eit liv i Jesu namn.

**Lørdag 20. mai Bjerkreim kyrkje 11.00**
Fernanda Silva Ogando
Johannes Rekeland
Jørgen Mikal Hetland Versland
Kai Andre Søyland
Manuel Bore Honnens
Marie Utheim Svela
Mathias Kjølberg
Marlen Fuglestad Tengesdal
Johannes Usken
Stian Egeland

**Lørdag 27. mai Bjerkreim kyrkje 11.00**
Gustine Gjedrem
Hilde Moi
Renate Moi
Jakob Apalset Vassbø
Jonathan Langhelle Ramsli
Magnus Sundvor
Thea Sofie Vestersjø
Rene Brattebø
Sanne Tengesdal
Theo Kalvik-Honnens

**Lørdag 27. mai Bjerkreim kyrkje 13.00**
Andreas Tysland Bore
Ingrid Klungland Gjøse
Joar Apeland
Kian Lüneberg
Lilli Mai Serbow
Maja Thorsen
Maria Steinnes
Regina Husveg
Noa Gjedrem

**Søndag 4. juni Ivesdal kyrkje 11.00**
Agneta Egeland Hauksdottir
Alf Inge Veen
Elly Amanda Rødland
Hallgrim Nygård
Ine Vikeså Veen
Lennart Gåsland
Pearl Iren Gravdal
Samuel Skutlaberg
Dennis Kvamsø Strand
Linea Iversen Helland

## NYTT LIV

«Når ei kvinne skal føda, er ho uroleg, for tida hennar er komen. Men når ho har fått barnet, hugsar ho ikkje lenger kor vondt ho hadde, så glad er ho fordi eit menneske er født til verda.» (Joh 16,21)

Eg har høyrt fleire gonger at dersom det var oss menn som skulle stå for fødslar av born, ville det ikkje blitt mange av dei. Eg har, på same måte som alle andre menn, svakt grunnlag for å eigentleg forstå korleis det er å føde. Men eg har høyrt frå fleire kvinner at det er det vondaste dei har opplevd av fysisk smerte. Så seier det dermed noko om gleda og kjærleiken ein kan bli fylt med når ein får born, sidan mange er villige til å få fleire born. Denne gleda overgår til og med den verst tenkelege smerte! I konteksten der Jesus talar om fødsel og smerter, men og gleda over barnet, er han i ferd med å førebu læresveinane på det som skal skje med han i påska. Dei forstod nok lite av det han prata om, kven ville vel gjort det? Når ein opplever vanskelege, smertefulle eller meiningslause ting, er det sjeldan ein vil høyra: «Det er sikkert ei meining med det.»

Eg trur mange ting skjer utan at det gir meining for oss. Men, eg trur og at Gud kan bruke det som er vondt, og snu det til noko godt.

Kvar vår blir me vitne til at «nytt liv av daude gror». Når det spirer og veks, blir det for meg atter ei påminning om at livet vant over døden, som er sjølve grunntonen i påska. Dersom Jesu død på korset ikkje hadde ført til noko meir, ville det vore ganske meiningslaust. Men betydninga kjem fram i eit av dei mest kjende versa i bibelen, nemleg Johannes 3,16: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Eg ynskjer deg ein velsigna vår!



## TURSTIAR - FORNYING AV MERKINGA

Mange av dykk bønder har fornya merkinga fleire gonger på nokre av dei totalt 420 km med turstiar, som er med på det flotte turkartet som kommunen gav ut i desember 2011. Bjerkreim har dei siste åra vorte eit populært turområde. For at dei skal finna fram til turmålet, og gå der de ynskjer, er det viktig at stien er godt merka.

Ver og vind gjer sitt til at raudmalinga forsvinn/vert veldig svak. Flott om de i løpet av sommaren/hausten går over og merkar på nytt der det er behov. Me har gratis raudmaling til merkinga, så det er berre å henta dette hjå oss.

## GJERDEKLYVAR

Nokre av gjerdeklyvarane rundt på turstiane, har sett sine beste dagar, og dei er dermed ikkje sikre lenger, og ein gjer lurt i å skrifta dei ut. Har du behov for å skifta ut den gamle eller treng fleire gjedreklyvarar, ta kontakt med oss og søk om tildeling. Sjå link til søknadsskjema nedafor.

## HUNDEPORT LANGS TURSTIAR

Ikkje alle hundane vil gå over dei oppsette gjerde-klyvarane. Vi har gjort avtale med Uninor at dei også kan produsera hundeportar for oss □. De bønder som har merka turstiar på dykkar eigedom, kan no søkja om å få tildelt dette gratis.

Her er link til søknadsskjema for gjerdeklyvar og hundeport:

https://www.bjerkreim.kommune.no/tjenester/

naring-landbruk-og-miljo/landbruk/tiltak-pa-eigedomen/gjerdeklyvar-hundeport/

Søknadene kan leverast eller sendast elektronisk til postmottak@bjerkreim.kommune.no

Når du har fått godkjent søknaden hjå oss, kan du henta klyvaren og/eller hundeporten gratis hjå Uninor.



## TISTLAR

Tistel er eit av dei største problemugrasa i beite.

Veldig mange av bøndene i Bjerkreim brukar mange dagsverk kvart år for å bekjempa og halda nede veg- og myrtistlane, noko som opplevast som eit kjedeleg og ofte frustrerande arbeid.



Dette er eit veldig plagsomt 2-årig ugras, der kvar plante har 6 - 7.000 frø, som er veldig spirevillige og som spreier seg lett med vinden - til plage for naboar/andre bønder.

Mange irriterer seg over bønder som ikkje prioriterer nok innsats for å fjerna tistlane på sine areal. Me oppfordrar sterkt til å prioritera bekjemping av tistlar no i vår, sommar og haust!!

Ved sprøyting bør temperaturen vera minst 12 grader, og det bør vera opphaldsvèr i 4 - 6 timar etter sprøyting.

Mekanisk bekjemping/hakking kan gjerast uavhengig av temperatur. Husk at alt det grønne må fjernast.

# INFORMASJON



MYKSVOLL
MIKROBRENNERI
kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim

*GO Consult*
*Olav Engelsgjerd*
*Tlf. 906 99 409*
*post@goconsult.net*





**fjoscam.no**

*-Internett og kamera til fjøs*
*-Data-reparasjon/salg*
*-Langtrekkende WiFi som fungerer*
*-Service parabol og Riks-Tv*

# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA

**Gitarreperasjoner og rekvisita**
**Blomsterdekor til alle anledninger, materiell**

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på **gitaroghandverk**
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

---

**ADVOKAT1**

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

---

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO RAMMEVERKSTED

**Han med hatten**

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

---

Bjerkreim legekontor
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

---

coop Vikeså

coop byggmix · EXTRA · coop prix

**Extra Vikeså**
**Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00**
**Coop Byggmix / Landbruk**
**Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00**
**Coop Prix Bjerkreim**
**Man- Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00**

coop

Classification: Open

---



Eigersund Dyreklinikk

*Telefon 51 49 13 04*

## VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

*Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222*
*Kontortid: 08.00 - 09.30*

---

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså**
**Spesialistkompetanse på tannsykdommer hund og katt**
**Timebestilling 95141920**




*Kiropraktisk behandling av dyr*
*Kastrering og sterilisering*
*Kirurgi*
*Digital røntgen*
*ID-merking*
*Vaksinering*
*Tannbehandling*

**Vikeså veterinærkontor**
**Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65**

---

# Fardal Bil AS

**DIN LOKALE BILFORHANDLER**




**TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00**
**www.fardalbil.no**